



Hyllestad sankelag  
Brennsdalsvegen 782  
6953 LEIRVIK I SOGN

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hermund Mjelstad, 5764 3124

## Forlenging av skadefellingsløyve på ulv i Hyllestad, Fjaler og Høyanger kommunar

---

**Fylkesmannen i Vestland forlenger skadefellingsløyvet på ein ulv i Hyllestad, Fjaler og Høyanger kommunar for perioden 1. oktober 2019 kl. 06.00 til og med 15. oktober 2019 kl. 19.00. Området er avgrensa av Dalsfjorden i nord, Fv 57 til Osen og vidare Fv 610 til Sande, og deretter E 39 i aust til Sognefjorden i sør.**

**Merk at avgrensinga av området er justert.**

**Vi har lagt vekt på at ulven har hatt tilhald i området sidan sommaren 2018, dokumenterte skadetilfelle i september, og potensialet for skade framover. Ulven er kjent, og DNA prøver viser at dette ikkje er eit spesielt viktig genetisk individ.**

**Skadefellingsløyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 18 bokstav b og § 77, jf. rovviltforskrifta § 9, jf. § 1 og 3. Nærare vilkår følgjer i dette brevet.**

---

Hyllestad sankelag søkte 29. september 2019 om forlenging av skadefellingsløyvet på ein ulv. Søknaden er sendt på vegne av dei aktuelle sankelaga i området.

### Bakgrunn

Statens naturoppsyn (SNO) har dokumentert to nye tilfelle med ulv som skadegjerar i perioden med skadefellingsløyve, i tillegg til 2 usikre tilfelle der det eine var skade på ei kvige. Skadane er frå 14. september og 19. september.

### Lovgrunnlaget

Det rettslege grunnlaget for avgjerda er naturmangfaldlova § 18 første ledd b) og § 77, jf. rovviltforskrifta § 9.



Naturmangfoldlova § 1 (formål):

*"Lovens formål er at naturen med sitt biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur."*

Naturmangfoldlova § 18 (annet uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk etter vurdering av myndighetene):

*«Kongen kan ved forskrift eller enkeltvedtak tillate uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk*  
*a) for å beskytte naturlig forekommende planter, dyr og økosystemer,*  
*b) for å avverge skade på avling, husdyr, tamrein, skog, fisk, vann eller annen eiendom,*  
*c) for å ivareta allmenne helse- og sikkerhetshensyn eller andre offentlige interesser av vesentlig betydning,*  
*d) (...)*

*Vedtaket etter første ledd bokstav a til f kan bare treffes hvis uttaket ikke truer bestandens overlevelse og formålet ikke kan nås på annen tilfredsstillende måte.(...)»*

Rovviltforskrifta § 1 (formål):

*"Formålet med denne forskrift er å sikre en bærekraftig forvaltning av gaupe, jerv, bjørn, ulv og kongeørn. Innenfor en slik ramme skal forvaltningen også ivareta hensynet til næringsutøvelse og andre samfunnsinteresser. Forvaltningen skal være differensiert slik at hensynet til ulike interesser vektlegges forskjellig i ulike områder og for de ulike roviltarter."*

Rovviltforskrifta § 9 (fylkesmannen sin myndighet til å iverksette betinget skadefelling):

*"Ved vurdering av om det skal gis tillatelse til skadefelling skal det legges vekt på føringene i regional forvaltningsplan, jf forskriften § 6. Felling kan bare gjennomføres dersom det ikke finnes annen tilfredsstillende løsning ut fra prinsippet om geografisk differensiert forvaltning. Det skal særlig tas hensyn til*

- a. områdets betydning som beitemark*
- b. skadenes omfang og utvikling*
- c. potensialet for fremtidige skader*
- d. muligheten for å gjennomføre forebyggende tiltak*

*Felling skal være rettet mot bestemte individer. Vedtak om felling skal være begrenset til et bestemt område, tidsrom og antall dyr. Det kan knyttes nærmere vilkår til fellingstillatelsen, herunder at bestemte typer dyr skal være unntatt, at felling skal foretas av nærmere bestemte personer, metoder for felling og utbetaling av fellingsvederlag og/eller dekning av påløpte utgifter med unntak av lønn mv. i forbindelse med felling. Felling og forsøk på felling i henhold til denne bestemmelsen gjennomføres uavhengig av grunneiers jaktrett, jf viltloven § 35."*

Rovviltforliket 2011

*Rovviltforliket sommaren 2011 strekar under at «Norsk roviltforvaltning skal skje innenfor ramma av bestemmelsene i naturmangfoldloven og Stortinget sin behandling av denne, Bernkonvensjonen og den todelte målsettingen etter roviltforliket av 2004, og den videre*



*oppfølgingen av denne.»*

Vidare i forliket står det mellom anna at:

*«Dyr på utmarksbeite har mange positive kvaliteter, og det er viktig å sikre levedyktig næringsgrunnlag i landbruket i områder med rovvilt. Forlikspartene viser til den todelte målsetningen etter rovviltforliket fra 2004, og utfordringen ligger i å ivareta begge deler uten at konflikten mellom dem blir større enn nødvendig ..... Rovviltforvaltningen må baseres på en politikk der hensynet til å sikre overlevelse av alle de store rovviltartene i norsk natur må kombineres med en forvaltning som totalt sett bidrar til å dempe konfliktene og motvirke utrygghet innenfor den todelte målsetningen.»*

Det blir også streka under i punkt 2.2.19 i rovviltforliket at:

*«Det er et felles mål at tapstallene for beitenæringen må ned. Soneinndelingen må forvaltes tydelig. I prioriterte beiteområder skal uttak av dyr som gjør skade på beitedyr gjøres raskt, og i slike områder skal miljøforvaltningen i større grad enn i dag bidra til å effektivisere slikt uttak, uavhengig av om bestandsmålet er nådd..»*

I følge § 9 i forskrifta kan Fylkesmannen gje fellingsløyve for å forhindre framtidig skade innanfor ramma av kvote for betinga skadefelling gjeve av rovviltnemnda, jf. forskrifta § 8. Nemnda vedtok i møte 6. mai 2019 ei skadefellingskvote på tre ulv i region 1 som gjeld frå 1. juni 2019. Per i dag er ingen ulvar felt i region 1, slik at kvoten framleis er på tre ulv.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Dette vedtaket baserer seg på kunnskap om bestandssituasjonen for arten. Vi viser til data frå nasjonalt overvåkingsprogram for rovvilt og vurderer at kravet til kunnskapsgrunnlaget, jf. naturmangfaldlova § 8, er tilstrekkeleg ivareteke. Førre-var prinsippet skal nyttast i situasjonar der ein ikkje har slik kunnskap, jf. naturmangfaldlova § 9. Vi viser og til vedtak i Rovviltnemnda for region 1 og forvaltningsplanen for regionen. Sogn og Fjordane er prioritert beiteområde og har ikkje forvaltningsmål for ulv, eller dei andre rovdyra.

### **Bestandssituasjonen**

Vinteren 2018/2019 vart det registrert 65-67 ulvar som berre heldt seg innanfor Noregs grenser. I tillegg vart det registrert 40-41 ulvar som lever i grenserevir på begge sider av riksgrensa mot Sverige. Seks ulveflokkar vart registrert i Noreg og fem i grenserevir. Det er og påvist fem revirmarkerande ulvepar i Noreg og fem i grenserevir. Tal revirmarkerande ulv har gått ned i Sverige, men det er og påvist færre ulveflokkar i Noreg. Det nasjonale bestandsmålet er å rekne som oppfylt.

### **Skadepotensialet i området**

I skadeområdet i Hyllestad, Fjaler og Høyanger kommune er det eit stort tal sau og lam på beite, om lag 6000 totalt. Vi vurderer det derfor som eit viktig beiteområde for sau på utmarksbeite. Per 1. oktober er hovudsankinga ferdig, men det vil framleis vere ettersanking i området. På grunn av skade frå ulven vil arbeidet med sanking vere vanskelegare enn i eit normalår. Vi vurderer derfor skadepotensialet som framleis å vere



stort i denne perioden, og det vil framleis vere viktig å finne eventuelt daude og skada dyr, og straks melde frå om dette til Statens naturoppsyn.

Vi kan ikkje sjå at det er praktisk mogleg å gjennomføre andre førebyggjande tiltak som kan hindre skade, jf. rovviltforskrifta § 9 andre ledd, bokstav d. Ut frå omsynet til beitedyra og at det er eit viktig beiteområde, ser vi det som forsvarleg at det blir gjeve fellingsløyve på ein ulv i området.

### **Konklusjon og vilkår**

Fylkesmannen i Vestland gjev skadefellingsløyve på ein ulv i Hyllestad, Fjaler og Høyanger kommune i perioden 1. oktober 2019 kl. 06.00 til og med 15. oktober 2019 kl. 19.00. Vi har lagt vekt på skadeomfanget i fjor, dokumenterte skadetilfelle i 2019 og potensialet for skade framover. I tillegg er ulven kjent etter DNA prøver og er vurdert til ikkje å vere spesielt genetisk viktig. Uttaket er vurdert til ikkje å vere til skade for ulvebestanden sin overleving, eller å kome i konflikt med det nasjonale bestandsmålet for ulv, jf. Innst. S. nr. 174 (2003-2004) og rovviltforskrifta §§ 3 og 4. Skadefellingsløyve er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 18 bokstav b og § 77, jf. forskrift om forvaltning av rovvilt § 9, jf. §§ 1 og 3.

Skadefellingsløyvet blir tildelt Hyllestad kommune, Fjaler kommune og Høyanger kommune. Det administrative og rekneskapsmessige ansvaret er lagt til Hyllestad kommune, i nært samarbeid med Fjaler og Høyanger kommune. Det er ein føresetnad at kommunane har eit nært og godt samarbeid med aktuelle beitelag og sankelag. Det etablerte fellingslaget i regionen ved ansvarleg Stein Mortensbakke har ansvaret for fellingsforsøket.

### **Følgjande vilkår gjeld for skadefellingsløyvet:**

1. Skadefellingsområdet er avgrensa til Hyllestad, Fjaler og Høyanger kommunar. Fylkesmannen kan endre avgrensinga raskt om vidare skadeutvikling gjer det naudsynt.
2. Skadefellingsløyvet er tildelt Hyllestad kommune, Fjaler kommune og Høyanger kommune. Løyvet blir administrert og rekneskapsført av Hyllestad kommune, i samarbeid med Fjaler og Høyanger kommunar. Skadefellingslaget ved Stein Mortensbakke er ansvarleg for fellingsforsøket.
3. Skadefellingsløyvet gjeld i tidsrommet 1. oktober 2019 kl. 06.00 til og med 15. oktober 2019 kl. 19.00 og gjeld for ein -1- ulv.
4. Det skal nyttast våpen og ammunisjon som tilfredsstillar krava til jakt på ulv, jf. forskrift av 22. mars 2002 om utøving av jakt, felling og fangst.
5. Felling eller forsøk på felling skal straks meldast til Fylkesmannen (tlf: 481 43 095) og Statens naturoppsyn (tlf: 480 94 364). Den som feller dyr skal framvise felt dyr for SNO for kontroll, merking og prøvetaking av biologisk materiale, og skyttar skal kunne påvise fellingsstad (eller eventuell skotplass) etter oppmoding frå SNO.



6. Skadefellingsforsøk og felling i tråd med dette løyvet kan skje utan omsyn til grunneigarretten, jf. lov om jakt og fangst av vilt § 35. Det er og pågåande hjortejakt i heile området, og det er derfor viktig at skadefellingslaget har dialog/kontakt med hjortejegerane for å unngå konflikt/misforståingar. Hjortejegerar som deltek i skadefellingsforsøket må ha lisens frå Jegerregisteret. Fellingsleiar/kommunen kan vurdere om det er trong for å be SNO om bistand i fellingsforsøket eller på anna vis vere til hjelp med sin kompetanse.
7. Felt dyr i medhald av dette løyvet er viltfondet sin eigedom. Ingen kan difor på noko vis gjere seg nytte av felt dyr eller deler av dyr utan samtykke frå Miljødirektoratet.
8. Dersom ulv blir skadeskoten pliktar dei ansvarlege å gjere det dei kan for å avlive dyret snarast mogleg. Skyttar pliktar å forvise seg om dyr det er skote på er treft eller ikkje. Ved skadeskyting skal skyttar utan opphald melde frå til Fylkesmannen, SNO og næraste politimyndigheit. Fylkesmannen avgjer vidare gjennomføring og avslutning av ettersøk.
9. Fylkesmannen kan til ein kvar tid endre eitt eller fleire av vilkåra, eller trekke tilbake fellingsløyvet.
10. Deltakarar i kommunale fellingslag kan etter rowiltforskipta § 9 a få godtgjering for den tid som blir nytta til fellingsforsøket. Godtgjeringa er 1600 kroner per deltakar per døgn. Det blir ikkje sett av ytterlegare midlar no utover det som allereie er tildelt. Dersom det er ekstraordinære omstende som gjer at fellinga ikkje kan gjennomførast innanfor eksisterande ramme, skal fellingslaget kontakte Fylkesmannen. Fylkesmannen skal informerast jamleg om utviklinga i fellingsforsøket.
11. Alle medlemmar av fellingslaget som deltek i fellingsforsøket skal ha kopi av dette brevet og vere kjend med vilkåra for skadefellingsløyvet.
12. Fylkesmannen skal ha tilsendt liste over deltakarar i fellingsforsøket, også ved eventuelle endringar av lista. Det er vidare eit krav at deltakarar oppfyller krava til og **har lisens**, jf. krava i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst, §§ 13 og 14.
13. Etter søknad er det gjeve løyve til postering frå bil etter følgjande punkt:
  1. *Under transport skal våpen i bil vere tomt for ammunisjon, og våpenet skal vere nedpakka i futteral, bag eller veske.*
  2. *Motor og ljós skal vere avslege når bilen blir nytta til postering.*
  3. *Køyretøy som blir nytta skal vere merka godt synleg med informasjon om at fellingsforsøk held på, og at køyretøyet er ein del av dette.*
  4. *Fellingslag skal ta alle naudsynte forholdsreglar for å ivareta sikkerheita til ålmenta i samband med bruk av bil til postering under fellingsforsøket.*
14. Hyllestad kommune skal sende oversikt over utgifter knytt til fellingsforsøket til Fylkesmannen i Vestland innan ei veke etter avslutta fellingsforsøk.

Partane i saka og andre med klagerett etter forvaltningslova, kan klage over avgjerda innan tre veker etter at avgjerda er motteken. Eventuell klage bør grunngjevast og rettast til



Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen, som anten kan ta klagen heilt eller delvis til følge, eller sende han til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Eline Orheim  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi pr. e-post:

Miljødirektoratet  
Rovviltnemnda region 1  
Statens naturoppsyn  
Hyllestad kommune  
Fjaler kommune  
Høyanger kommune  
Askvoll kommune  
Politiet i distrikt vest